



DET DANSKE HIPHOP-KOLLEKTIVET Hunnid22 opptrer i Aarhus kunstmuseum. Dei unge gutane har vunne konkurransar, gjeve ut album, EP og singlar, laga musikkvideoar og gjennomført godt over femti konsertar.

-FRIDOMMEN TIL Å VERE SEG SJØLV

Hunnid22 byrja å lage musikk på vidaregåande. Dei danske hiphopgutane elsker det dei gjer og gjer det på sin eigen måte.

● PETRA HELGSEN
● CHAD STOKES

U HAR SIKKERT HØYRT ein del norsk hiphop? Minde sannsynleg er det at du kjenner den svenske rapparen Silvana Imam eller den danske rapparen Gilli. For sjølv om hiphop er den største musikkslangeren i alle dei skandinaviske landa, er kulturen ulik i kvart land, alle rappar på sitt eige språk og lyttar til sine eigne.

Det danske hiphop-kollektivet Hunnid22 skil seg ut i landskapet fordi dei rappar på engelsk. Musikkmagasinet BEAT meiner at dei òg skil seg ut med ein «oldschool hiphop vibe». Gutegongen lyttar til sjangrar som boom bap, R&B, soul og trap, og lyden deira ber preg av inspirasjonen. Så ulike aktørar som Redbull og kulturmagasinet Sound-venue har skrive at Hunnid22 er nye danske talent vend å halde auge med.

Faktafyk tar dei danske kulturmedia på ordet og møter Lester Beck (24), Tharjiaih David (23) og brørne

Samatar (25) og Solaiman (22) Shabel på heimebane, rett før ein konsert i Aarhus kunstmuseum. Etter heimebane... det er utpisk at Hunnid22 opptrer i kvinnalia utstillingslokale, omgjevene av glas og dagslys, men i Aarhus er gongen absolutt heime. Stemninga backstage er avslappa.

Takka nei til platekontrakt

Hunnid22 har gitt ut låtar sidan 2019 og gjennomført godt over femti konsertar. Debutalbumet «Who's 2 Blame» fekk skamskryt i musikkmagasinet Gaffa. Det ryder ikkje at dei kan leve av musikken enno, men dei er på veg. – Det er definhivt ei utfordring, særlig i Danmark, smiler Sam. Som den eldste og mest ihleige av dei fire, tar han raske ordet. – Men vi har gjort det overraskande godt sidan starten då vi berre fekk betalt i smøbrød.

Lester titlar opp frå hettegensen og ler. – Ja, no får vi faktisk pengar for det vi gjer, seier han.

– Vi er jo ikkje akkurat mainstream, held Sam fram, – Og dei som kjem på konsertane våre kjemner namnet vårt, men ikkje låtane. Vi merkar at det er letare å bli godt tekne umfor Danmark. I Amsterdam i fjor var det fleire bransjefolk som gav oss positiv respons.

Dei andre stemmer i, og Soul fortel at strøyminga av musikken deira viser at folk i Nederland, på Grønland og i Mexico lyttar til dei. Gengen meiner at lyttarane deira i først rekke er ein personlegdom: ein open person, ein fridomselskar, som likar å ha det gøy, men samstundes har sterke meiningar og tek ansvar. – Ein sånn person kan vere femti år eller tenåring. Alder har ingenting å seie, slår Sam fast.

Når vi spør kva som gjer musikken deira spesiell, er det spørålet dei er mest opptekne av. Lester fortel at danskane er mædelause når det gjeld engelsk. – Høyrer dei den minste aksent, kan du gløyme dei, forklarar han. – Akkurat no er det berre

Hunnid22

- Dansk hiphop-kollektiv
- Dei fire faste medlemmane er Theo Lii, Homeboy Soul, GunShot Sammy og TeeJay333
- Tommy Bounx er produsent
- Starta med singelen «Games» i 2019
- Første album «Who's 2 Blame» kom i 2023



EIT HIPHOP-KOLLEKTIV har plass for at medlemmar kan kome og gå. Her er rapparen Kuiba saman med de fire faste: Homeboy Soul, GunShot Sammy, Theo Lii og TeeJay333.

Vi vil jo ikkje bli stempla som eit boyband heller. Sam



danskspråkleg rap som sel, men vi er nokre stabblkar. Vi har takka nei til fleire tilbod fordi plateselskapet ønska at vi skulle byre til dansk.

Vener frå overalt
Namnet Humnid22 er uansett dansk – ein referanse til bydelen der dei vaks opp. Talet 122 står for Aarhus Vest, fordi Å er den første bokstaven i alfabetet, V den fjerde. – Vi er opptekne av kvar det helle starta, seier Sam. – Folk i Aarhus er venlege, det er ein god vibe her, og det passar godt med kven vi er, meiner han. – Det er ein grunn til at Aarhus blir kalla «Smiles by», skyt Lester inn. – Folk her er chill. Dei tar ting i sitt eige tempo.

Sam

Dei fire meiner at byen reflekterer over i musikken deira. Spølv om dei skriv om noko negativt, finn dei alltid eit positivt perspektiv. – Vi held oss ikkje berre til vårt eige område, utdipar Soul. – Spølv om Aarhus Vest nok er den mest einisk varierte staden, med størst mangfald, har vi vener frå overalt. At vi kjemmer så mange ulike folk har hjelpt oss.

Dei har kjent kvarandre lenge, men Lester byrja å lage musikk først. Han skreiv tekster i eit heilt år før han fekk med seg ein til. – Vi lånte nykelen til eit studio på skulen og bruka all fritida vår der, for å gjere oss kjende med utstyret, korleis vi skulle bruke ein miksepult, alle

såne greier. Året etter fekk vi med oss Tommy, produsenten vår, og rett etterpå blei Sam med. Då var vi i gang.

Soul og Teejay kom med i 2018. Soul likte å synge og Teejay hadde skrivne ein del tekstar, men begge blei interessert i å lytte til eldre hip-hop gjennom dei andre. – Broren min er 15 år eldre enn meg og fekk med seg 90-tallet, så eg lærde å like musikken gjennom han, fortel Lester. – Eg har klare minne om at eg dansa til 2PAC som treking.


Det var annleis for Sam og Soul. – Vi vaks opp i ein muslimsk heim med lite musikk, fortel Sam. – Dei britiske søskenbarna våre introduserte meg til ulike artistar, og den først rappen eg høyrde var Skepta. I starten var eg nok meir en

R&B-person. Eg likar framleis melodiane, at folk faktisk brukar røysa si til å skape eit lydbilete. Det var først når eg byrja å lage musikk sjølv, at rap blei ei greie.

Ein kollektiv prosess

Humnid22 kallar seg eit kollektiv og ikkje ei gruppe. – Vi vil jo ikkje bli stempla som eit boyband heller, tullar Sam. – Eit kollektiv giv oss den kunstnariske fridommen til å gjere det vi vil, ikkje vere bundne til kvarandre. Folk kan forlate og kome attende akkurat når det passar dei. Døra er alltid open.

VI INTERVJUA Humnid22 back stage for konserten. Lester, Sam og Soul er dei mest pratseme.



Når dei lager låtar saman kan prosessen variere, men Teejay fortel at det ofte startar med at Tommy har laga ein beat. – Så sit vi alle i stillheit og skriv, følger Soul opp. – Vi blir kamskje einige om kva stemming vi skal uttrykke – er det hat eller er det kjærteik, yip. Så kamskje ein av oss får ein hook eller eit vers klart, og då kan vi byrje å sy det saman.

– Det er nok fordi vi gjerner kvarandre så godt, erklærer Sam. – Vi liker musikken dei andre lagar og veit korleis dei tenker. De anar ikkje kor mange låtar vi har skrivne utan å snakke saman i det heile!

Dei fire vil gjerne gie ekstra kred til produsenten sin, Tommy Bouux. – Vi blir alltid inspirerte av det han

gjev oss, seier Lester. Soul nikket einig: – Han kjem ikkje med ein ferdig beat kvar gong, kamskje er det berre ein idé til kva vi kan lage, men Tommy er ein av oss og han kjemner smaken vår, derfor forstår han korleis han skal omsette orda våre til musikk. Vi treng ikkje forklare oss.



- I'M TEEJAY, BABY, nice to meet you, baby! Let me take you to dinner maybe, rappat Teejay333.

Skann QR-koden for å høyre Breaking Bad av HUMNID22!



PUBLIKUM

Etter konserten møter vi to frå publikum. For Maxwell var Humnid22 heilt ukjent.

– Utruleg kor mykje liv dei klarte å lage i eit shirty lokale, seier han. – Settiga minna meg om eit TV-program eg har sett, der artistar blir utfordra i eit tomt lokale og dei må stole berre på si eiga røyst. Eg skulle nok helst ha vore på ein skikkeleg konsert, men det var likevel ein god introduksjon, meiner han. Liv seier seg einig. Ho har vore på konsert med dei for og høyrer mykje på dei. – Når dei har ein scene å leike seg på og masse folk i rommet, er det heilt ville. Samtundes er det musikk som tol at ein lyttar merksamt.



To nógde publikummarar, Maxwell og Liv.